Møre og Romsdal fylkeskommune

SUNNDAL KOMMUNE
Postboks 94
6601 SUNNDALSØRA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
22/01459	20.03.2026	26/9219 - 26/48545	Idunn Eide Sanden -	07.04.2026

Høyringssvar - Sunndal kommune - plansak - mindre endring reguleringsplan for Grødalen - planID 20110620

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld mindre endring av reguleringsplan for Grødalen, plan-ID 20110620. Endringa omfattar justert byggegrense og nye føresegner for plassering av eit garasje- og toalettbygg innanfor det tidlegare regulerte og opparbeidde parkeringsområdet ved Steinbrua i Grødalen.

Nye føresegn:
c Innenfor angitte byggegrenser på parkeringsplassen før Steinbrua tillates anlagt servicebygg med garasje for tråkkemaskin, offentlig tilgjengelig toalett og rasteplass med tilhørende

tekniske anlegg. Bygget anlegges med skrå takflater og mest mulig naturmaterialer i kledning for å dempe virkningen i landskapet. Maks mønehøyde 6,5 meter.

MERKNADER TIL MINDRE ENDRING AV REGULERINGSPLAN

Friluftsliv

Det aktuelle arealet inngår i eit statleg sikra friluftslivsområde, der fylkeskommunen forvaltar statens rettar etter *Miljødirektoratets retningslinjer for statleg sikra friluftslivsområde* og friluftslova § 23.

Sikringsformålet for området er utfartsparkering. Garasje for tråkkemaskin fell ikkje inn under dette formålet og må derfor reknast som ei varig omdisponering av det sikra arealet. Etter gjeldande retningslinjer skal slik omdisponering søkjast om og kan berre godkjennast dersom tiltaket ikkje svekkjer friluftslivsverdiane. Sjå rettleiar for søknad om varig omdisponering her: Veileder: Omdisponering i statlig sikrede friluftslivsområder - miljodirektoratet.no

Området ved Steinbrua er kartlagt og verdsett som svært viktig friluftslivsområde. Som planmyndigheit skal fylkeskommunen ivareta friluftsinteressene. Det planlagde bygget vil redusere det opne og naturprega miljøet rundt parkeringsplassen, leggje tekniske driftsfunksjonar midt i eit sentralt tilretteleggingspunkt for opphald og ferdsel, og svekkje områdets karakter som lågterskel friluftsområde.

Toalett er eit positivt tiltak for friluftslivet og truleg i tråd med sikringsformålet, men bør vurderast som eit sjølvstendig lite inngrep, og ikkje knytast til garasjeformålet.

På bakgrunn av vurderingane ovanfor tilrår Møre og Romsdal fylkeskommune at tiltaket ikkje vert behandla som mindre endring, då det påverkar både friluftslivsverdiar og sikringsformål. Alternative lokaliseringar for garasjen utanfor det statleg sikra området bør greiast ut. Dersom garasjen skal plasserast i statleg sikra friluftslivsområde må kommunen søke om varig omdisponering av det sikra arealet. Toalettløysinga kan vurderast separat, med vekt på minimalt inngrep tilpassa landskapet. Alle tiltak i statleg sikra område bør inngå i ein forvaltningsplan for området: Veileder: Utarbeide forvaltningsplan for statlig sikrede friluftslivsområder - miljodirektoratet.no

Planfagleg

2.2c:…..Bygget anlegges med skrå takflater og mest mulig naturmaterialer i kledning for å dempe virkningen i landskapet. Maks mønehøyde 6,5 meter.

Føresegna opnar for tolking, særleg fordi uttrykket *mest mogleg* kan forståast på ulike måtar. For å unngå slike ulike forståingar bør ein presisere krava tydelegare .I tillegg manglar føresegna ei klar definisjon av kva som skal reknast som naturmateriale. Dersom dette er eit ønskje, bør ein nemne konkrete materiale, til dømes tre, tømmer, skifer, naturstein eller torv. Det bør også

gå fram kva slags takmateriale som er ønskt, slik at både kledning og tak vert tydeleg avgrensa med omsyn til materialbruk.

Det kan vidare vere føremålstenleg å spesifisere at fargar skal vere dempa og i jordtonar for å sikre god tilpassing til landskapet.

Slike presiseringar er særleg viktige sidan området er eit statleg sikra friluftsområde, der låg visuell påverknad og god tilpassing til omgjevnadene er sentrale omsyn.

KONKLUSJON
Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer at tiltaket inneber varig omdisponering av statleg sikra friluftslivsområde og påverkar friluftslivsverdiane i området. Tiltaket kan derfor ikkje behandlast som ei mindre reguleringsendring. Dersom garasjen framleis ønskjast etablert i området, må kommunen søkje om varig omdisponering av det sikra arealet i tråd med Miljødirektoratets retningslinjer.

Veileder: Omdisponering i statlig sikrede friluftslivsområder - miljodirektoratet.no

Saksbehandlarane våre - Møre og Romsdal fylkeskommune
Friluftsliv: Petter Jenset

Med helsing

Björn Gregull
fagleiar kommunal planlegging

Idunn Eide Sanden
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal